

GSI-notat 2021/2022-tala

Overordna tal:

I skuleåret 2021/22 byrja 7 064 nynorskelevar i fyrste klasse, noko som er ein nedgang på 53 elevar frå skuleåret 2020/21 då det var 7117 elevar som tok til med nynorsk som hovudmål.

Det byrja samstundes 52 280 bokmåselevar i skulen 2021/22, og det er og ein nedgang på 208 elevar frå året før, då det byrja 52 488.

Både i Agder, Vestland og Møre og Romsdal er det fleire elevar med nynorsk som hovudmål som byrja på skulen dette skuleåret enn det var i fjor.

Dei samla tala for skuleåret 2021/22 er 553 578 bokmåselevar og 73 346 nynorskelevar. Det gjev ein nynorskprosent på 11,58.

For skuleåret 2020/21 var dei samla tala 554 525 bokmåselevar og 74 179 nynorskelevar, og det gjev ein samla nynorskprosent på 11,6.

Rogaland: I motsetnad til i fjor, då det var oppgang blant fyrsteklassingar med nynorsk som hovudmål og nedgang blant bokmåselevane i Rogaland, er det i år 120 færre nynorskelevar som byrja på skulen og 146 fleire bokmåselevar enn året før.

Samla tal for alle ti stega viser ein nedgang på 76 nynorskelevar og 290 fleire bokmåselevar. Ein nedgang i elevtalet i Klepp kommune utgjer ein stor del av nedgangen. I tillegg er nedgangen av nynorskelevar i tidlegare Forsand kommune relativt stor, og i Sauda kommune er det oppretta bokmålsklasse på 1. steget ved Fløgstad skule.

I Karmøy og Time gjer talet på nynorskelevar eit byks. Karmøy kommune har 76 fleire nynorskelevar enn året før, og 19 færre bokmåselevar. Her steig talet på nynorskelevar førre skuleår òg. Time kommune har den største veksten i talet på nynorskelevar med ein auke på 123 elevar.

Møre og Romsdal: I Møre og Romsdal er det fleire nynorskelevar i 1. klasse enn det var året før. Likevel er det ein samla nedgang på 269 nynorskelevar i fylket, og det samla elevtalet går ned med 257 elevar. Mykje av nedgangen skuldast nedgang i elevtalet i nynorskkrinsar.

I Ålesund kommune: Ikkje nynorskklasse på 1. steget på Blindheim barneskule. Elles nedgang i elevtal i nynorskområda.

Vestland: I Vestland går talet på fyrsteklassingar med nynorsk som hovudmål opp. Det samla talet på nynorskelevar stig også i tidlegare Hordaland fylke. I Vestland fylke samla sett går talet på nynorskelevar ned med 186. I tidlegare Sogn og Fjordane går talet på nynorskelevar ned med 225 elevar. Berre i Sunnfjord kommune er det 81 færre elevar enn året før, og nedgangen i Sogn og Fjordane er utelukkande nedgang i elevtalet samla sett.

Både i Alver, Austevoll og Bjørnafjorden er oppgangen i talet på nynorskelevar og nedgangen i talet på bokmåselevar vesentleg. I Bergen går talet på nynorskelevar ned, men det er oppgang i talet på nynorskelevar ved Garnes ungdomsskule.

Agder: I Agder er det fleire nynorskelevar i fyrsteklasse enn året før. Likevel går talet på nynorskelevar ned med 51. Den største nedgangen er i Evje og Hornnes der fleire elevar byrja i bokmålsklasse enn året før. Elles skuldast nedgangen i talet på nynorskelevar nedgang i det samla elevtalet i nynorskområda.

Vestfold og Telemark: Her går det samla elevtalet ned med 221 elevar, og talet på nynorskelevar går ned med 51. I Vinje og Seljord går talet på nynorskelevar opp, og i Midt-Telemark er det stabilt. Den største nedgangen er i Hjartdal, som også har oppgang i talet på bokmåselevar.

Innlandet: Her går det totale elevtalet ned med 407, medan talet på nynorskelevar går ned med 165. I Sør-Aurdal går det frå 2 til 4 bokmålsklassar ved Bagn skule.

Ørsta, 21. desember 2021, Synnøve Marie Sætre